

Saksprotokoll i 14.02.2020 - fylkesutvalet

Terje Søviknes (Frp) sette fram slikt forslag:

«Alternativ:

Punkt a)

a) Servering av alkohol i fylkeskommunale bygg, leigebygg/leigeareal og utleigebygg kan skje alle vekedagar kl 16 til 01, med dei unnataka som går fram nedanfor.

Pkt. d) går ut..»

Aleksander Øren Heen (Sp) sette på vegner av A, Sp, MDG, SV, V, Frp og H fram slikt forslag:

«Endring;

Punkt 1 a)

Punktum etter ordet tillate.

Tidspunkt for servering er avgrensa frå 1600 til den tid den enkelte kommune fastsett i sine vedtak.»

Søviknes trakk sitt forslag.

Avrøysting

Heen sitt forslag vart vedteke mot 2 røyster (KrF, 1FNB).

Fylkesrådmannen sitt vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Reglement for servering av alkoholhaldig drikke i fylkeskommunale bygg vert gjort gjeldande for Vestland fylkeskommune med slike endringar:

Punkt 1 a)

Punktum etter ordet tillate.

Tidspunkt for servering er avgrensa frå 1600 til den tid den enkelte kommune fastsett i sine vedtak.